Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Vassbering

Oppskr. av: A. Skåsheim

(adresse): Balestrand

Fylke: Sogn og Fj.

Herad: Balestrand

Bygdelag: Strondi

Gard: Skåsheim

G.nr. 5 Br.nr. 1 –

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja –

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, her bar dei vatn i vassåle til 1893. – Vassålen var tilskoren solis at han låg godt med halsen og på herdane.
2. Dei bar ofte vatn i ei bytta i kvar hand. – Dei andre måtane De nemner var ukjende her.
I stora hadde dei vatnet ståande i vassbytta. I fjoren hadde dei det i ein stor vass-så. Vass-såen var jamnast eit stort bidne som tok minst tvo tunnor. Når dei bar inn vatnet tømde dei byttone beint upp i vass-såen. – Noko som hindra skvampling hadde dei ikkje. –
3. Ski til vass-transport var ikkje brukt her.
4. Kvinnfolk og ungdomar bar vatn. Karane gjorde sjeldan det. –
5. Her i bygdi er vassverk frå 1914. Alle har springvatn

7419

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i huset.
6 Når det var turk - eller stor frost laut dei ofte køyra vatnet lang veg. Då brukte dei køyregreidor eller som årsbilet var. Karane greidde med det.
7. Sjå nr. 5. –

Tillegg.
1. I vass-selen hadde dei ofte trekrokar med tog i. Det var mest i småe heimar - der dei ikkje har so mykje vatn.
Der dei laut bera mykje vatn hadde dei jarnlekkjor - og jarnkrokar.
Dei brukte og vass-sele når dei har mjølk lange vegar - og skolor heim frå åkeren. –

Balestrand 11/12 1952
A. Skåsheim.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

S. o. Fj.
Balestrand

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på sama ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Våret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Heilt ukjent her.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

På båe desse spørsmåli er svaret
Nei her.

Balestrand 11. desbr. 1952
A. Skåsheim

7420

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING